



Sven S. Bugge leiar familiegruppe på turen til Kvinnherad

**I morgon på sjølvaste 9. april kjem ei gruppe frå Bugge familien til Kvinnherad og Uskedalen. Etterkomarane etter løytnant Sven Bugge vil gå i hans fotspor frå opphaldet hans i Kvinnherad aprildagane 1940.**



[Revolverkanona på Myklebust kai er ein av mange stopp på turen](#)

Lt. Bugge er tildelt St. Olavsmedalje med ekegren for innsatsen under felttoget 1940. Han var vernepliktig løytnant og sjef for vaktbåten HAUS. Bugge fekk ordre om å gå med HAUS frå Bergen til Hardanger. Frå Lerøy fort tok han med krigsmateriell og gjekk til Norheimsund. Etter trefningane i Tokagjelet/ Fossen Bratte vart han 16. april avløyst og forflytta til Dimmelsvik kai. Natt til 20. april kom tyske marinestyrkar til Dimmelsvik. Bugge saman med eit frivillig mannskap reiste til Uskedalen, gjekk ombord i lasteskipet TINDEFJELL og førte det til Odda. Dagen etter fekk han sett marinefartyet SMART i brukbar stand for oppdrag.

Etter 25. april var lt. Bugge saman med kaptein Ulstrup på skøyta RYMANN, gjekk til Strønoavsnittet og la miner i innseglinga til Bergen. Bugge var ein våghals. Han opererte bak fienden sine liner og ytte motstand mange dagar etter kampene var over.

Familien, som kjem til Uskedalen i morgon, tel 10 - 12 medlemmer. Sonen, Sven S Bugge, er leiar i gruppa. I Kvinnherad vert det særleg lagt vekt på informasjon om hendingane i Herøysundet, Uskedalen, Rød og Dimmelsvik.

Turen går vidare til Kvam med stopp i Tokagjelet og Fossen Bratte.

Ansvarleg for programmet i Kvinnherad er Lars Børge Sæberg, Trond Ramsøy og Kristian Bringedal



[Medaljesamlinga til Løytnant Bugge, m.a. med St. Olavsmedalje med ekegren](#)

Tekst/foto: Kristian Birngedal

Nett: Thor Inge Døssland